

Kva er ditt forslag?	Kva er grunngjevinga for forslaget (til dømes om namnet har historisk tyding)?
Fjordbrua/Fjordbrui	Passer sammen med Fjordstien
Fjordingen	Den er i nærleiken/over fjorden
Fjordbrui	«Fjord» fordi den ligg ved fjorden og er ein del av Fjordstien. Brui fordi det er slik me seier her i Sogndal.
Elvabru	Då går du frå Elvabakken over Elvabru til Sjøkanten. 😊
Hagelinbrua	Navn på grunneigar, og brua går mot Hagelin (tidlegare skulle ein alltid på Hagelin og bada)
Gjallarbrú	Gjallarbrú er er brua over til dødsriket i norrøn mytologi. I følge historia er Gjallarbrua gullbelagt og eg har ein ide om ein dag å få til et stort veggmaleri på den store kvite veggen til Nortura. Dette for å bidra til å gjere sentrumsområdet til ein koselig og besøksverdig destinasjon.
Fjordsyn	Den flotte utsikta.
Fjordbrui	Fordi det er eit fint namn og at brui er heilt ned med fjorden
Lertura	"Ler" fra Lerum og "tura" fra Nortura
Fabrikkvegen	Lærum fabrikk og Nortura på hver side. Begge fabrikk og ingen partiske navn. Fabrikkvegen passer godt i dagligtale hvor en skal gå. «Vi går fjordstia, fabrikkvegen og til sjøkanten.» Tydelig hvor man er i Sogndal med den navnet. Alternativ er og Fabrikkbrua men vegen klinger bedre 😊
Fjørebrui	Tykkjer navnet passar både mht brui si plassering og at den ledar ein inn i fjøra.
Elvi Brui Sogndal	Grunnlaget for Elvi Brui Sogndal er at det er Elvi i Sogndal og Brui krysser elvi
Fjordstibrua	Synest det passer fint, for brua som forbinde fjordstien sammen.
SAKALAVIEN	Kalla Øyane for SAKALAVIEN før i tida.
Osen	Der brua kjem over på Øyanesida vart kalla Osen før i tiden. Me var på Osen og bada.
Sløyfao	Utsjånad og at brui knyter saman to delar av Sogndal: Fjøra/Sentrum
Elvebrui eller Sognebrui	Fordi me tykkjer det er fine og enkle navn på brua!
Øvastegi	Eit godt sogna-uttrykk for å stege over noko.
Gilebrua	Forkortelse for Gilde & Lerum
Fjørebrui	Den ligg i Sogndalsfjøra og går langs med fjøra. Og so knyt den saman Fjørebukti på land.
"Sleva".	Sleva tyder stålorm. Brua bukter seg som ein orm, og er produsert i stål.
Fjord brua	Fordi den er ved fjorden
Bryggjebrui, Bringebærbrua, Saftbrui, Fjordbrua/i	Det klinga ok
Arve-brui	For å minne og hedre Arve Beheim Karlsen, og for at me ikkje skal gløyme at rasisme (dessverre) er like aktuelt den dag i dag.
Eveigheitsbrua	Grunna at me har venta i eveigheite på flotte bru over elva 😊
Lerumbrui	Fordi brua går frå lerum brygge
Lenkje	Den lenker saman bygda
Syltestrikken	Paralellar til Lerum
Lerumbrui	Fordi Lerum oppholdt seg der før
Vassdragetbrua	Lokal navn av elva..
Fjordbrua	Ei forbinding av den flotte fjordstien på begge sider. Må være eit namn som skil seg frå alle dei andre gangbruene over elva.
Pølsebrui	Det er ein pølsefabrikk i nærleiken og det luktar pølse der.
Tarmen , sognatarmen, fjordtarmen	Tilknytning til fabrikk nortura som produserar pølser, brui ser ut som ein tarm
Karlbrui	Grunna Karl Lerum
Sognefjordbrua	Flott namn
Nyabru	Me har Stedjebrui, dette er Nyabru frå Stedjesida til Fjørao. I tillegg er denne brui den nyaste brui me har per i dag.
Arvebrui	Syns godt brua kan få namn etter Arve Beheim Karlsen som vart funnen like ved. Det var ei tragisk hending som vi gjerne kan minnst slik at det ikkje skjer igjen. Brua er rund og fin i kantane, slik vi alle bør vere mot kvarandre. Hugs også i-ending til slutt, slik det også er i namnet på elva.
Nyabru	Det er det den kjem til å bli kalla uansett...

Fjordsti-brui	Det er det den kjem til å bli kalla uanlell kva navn den får.
Gjest Bårdsen Brua	Huset hans er like ved
Solbrui	Fordi det er masse sol i Sogndal
Smilebrui	Fordi eg kjem til å bli glad av å gå på den!
Luksusbrui	Fordi atte den er litt sånn stabil og føles litt luksus. og atte det blir kortare veg til bading og skjellstrondi.
Sogndøl	Binder sammen Sogndal og skaper fellesskap
Arvebrua. Norabrua. Lerumbrua.	Oppkalla etter Arve Beheim Carlsen. Oppkalla etter norafjorden.
Elveosen. Undertittel på fjordstien:"Vi vandrar saman"	Sjøølge brunavnet får navn etter staden den er plassertHeile den samla fjordstien bør få med Olav Stedje sin sangtittel., Vi vandrar saman.
1) Sakalavbrui 2)Sakalav-brui eller 3)Sakalaven	"Sakalav" er eit gammalt skjellsord, i Sogndal spesifikt brukt om dei som kom frå Stedje-sida av Sogndals-elva (særleg i tydinga: helge-pøblar, bråkmakarar, kamphanar / slåsskjemper eller e.l. ukrutt). No kan sakalavane komme over nye gagbrui ;)
Arve-brui	Fordi han og hans tragiske skjebne ikke må bli glemt. Han kan stå som symbol på ulike forhold i samfunnet, der det fortsatt er en veg å gå/en elv som skal krysses
Fjordbrui	Fordi det er ein del av fjordstien
Fiskesteg	Når Aurland har Fuglesteg, kan Sogndal ha Fiskesteg
Grøvlabrui	Etter den gamle krambui grøvlabui i fjøra
Kontinuum, eller Milepålen	Kontinuum fordi brua både bitt saman og skaper heilskap. Milepålen, fordi det er ei viktig hending at brua er her, og ho er eit steg på ein veg mot eit nytt Sogndal.
SNØGGVEGEN	Det er ein snarveg for gåande. Snøgg er eit godt dialektord for snar, som hel på å gå i gløymeboki. Difor Snøggvegen 😊
Fjordporten	Det er elva sin "port" mot med fjorden.
Sluken	Fjordstien er vorten ein stor peingesluk for kommunen, dette navnet kan minne politikarane på peingebruken.
Syltebrui	Brua går frå syltetøy til sylteflesk.
Osenbrui	Staden vart tidlegare kalla osen.
Slaktehusbrui	Lokalt og enkelt
Grandebrui	Fordi den går over til Granden
Grandabrui	Frå området Granden der slaktehuset ligg. På sognamaol blir det då Grandabrui. Høyrest litt storslått ut og :)
Notaturka bru	Det sto ei notaturka på Stedjesida der brua er. Den var eit landemerke og vart vel riven på 60-talet.
Fjordbrui	Ved utløpet av Sogndalselvi kommer vi til fjorden. Ved utløpet av elven får vi en nydelig bru. Dermed Fjordbrui.
Gytebrua/brui	Hørde rykter om at byggestart av brua måtte venta til etter at laksen var ferdig å gyte
FJORDBRUI	Fordi brua ligg i tilknytning til fjordstien,og du kan nyta fjordutsikta frå brua.
"Gildebrui" eller "Slaktehusbrui"	Fordi brui er atmed Gilde, somer ein viktig arbeidsplass og har lange tradisjonar i Sogndal
Sirkel Sogndal eller Sogndal Sirkel	Her får me ei fantastisk bru som forlengbar fjordstien og opnar bygda mot fjorden. Sogndal får eit nytt flott omdreiningspunkt - derav namnet !
Bifrost eller (Harald) Gullskjeggs bru.	Det norrøne namnet på brua mellom gudane og menneska sine verdenar. Skulle ein gå for ein lokal variant kan Gullskjeggs bru betre, då oppkalt etter vikingkongen Harald Gullskjegg frå Sogn.
Osenbrua (elvosbrua)	Brua ligg i elvosen.Navnet OSENBRUA er såleis eit naturleg navn på bru(Elvosbrua litt tungvint kansje)
Turka	På Stedjesida sto det ei notaturke der landfestet til brua er i dag. Det var notalaga i fjøra med min bestefar og mine onkler i spissen som turka sine fiskenøter der.
Fjordstibrui	Bitt saman fjordstien på kvar side av elva, enkelt og sjølvforklarande namn.
Eirik Ryggs Bru	Han var byggesjef
Elvina.Fjordgløtt.Songdøla.Pausen.Plassen.Herligh eita.Koseklumpen.Gladlaksen.Vannhola.Gjesten.O vergangen.Stoppen.Elvejentao.	Likte de bare.
Lenora eller Lenor	Navnet Lenora- brua er rett og slett sammensatt av navna Lerum og Nortura. Knytter brua til plassering og funksjon, samtidig som det er lett huske. Ikke minst er det et utrolig fint navn!
Granden bru	Området der brui er, heiter Granden
Grandenbrui	Ta i bruk eit lokalt navn.

Rosebrui	Rosebrui fordi vi kan plante roser ved inngangen til brui på begge sider.
ELVE-BRUA	Brua går over elva.
Fjørebrui	Eit beskrivande namn for staden, Fjøra som sentrum i bygda og med denne brui blir knytta tettare til Stedje. Fjøra har også dobbeltyding sidan brui ligg heilt i fjøresteinane. Med i endinga tek ein i vare dialekta.
Elverbro	Dobelbetydning av elven og elvene
Knytepunkt	Knyter sammen to eller flere greier
FJORDSTIBRUA	Namnet FJORDSTIBRUA/FJORDSTIBRUI vil være det mest naturlege for dei alle. Brua blir ein del av Fjordstien. Eit meir "kreativt" namn vil være vanskeleg å innarbeide, og kjem kanskje aldri almenni bruk!
Osen bru	Området på vestsida av elva vart kalla Osen . Der turka fiskarar garna sine og me ungane leika oss i vasshølane som stod att når det var fjæra sjø. Namet Osen er relatert til ein elvose og eit område kalla Osen. Så det vert brua over eivosen og bort til området Osen.
Promenadebrua	Sjøfronten vert Sogndal sin nye instad. På promenaden promenerar/spaserer ein.
Slaktehusbrui	passar bra :)
Sogndalsfjæren promedarebru	Sjøfronten vert Sogndal sin nye innstad og Sogndalsfjæren er historisk og knytta til sjøen.
Fjordstibrui	Naturleg navn på brui sidan det nettopp er ei bru som er bygd med fjordstien på begge ender :) I-ending for å nytte lokal dialekt, og som er ei ganske spesiell ending på hokjønn substantiv.
Arve Fjøra	Minnesmerke
Fjøra Panorama	Nydelege fjøra 😊😄😄
Øyanebrua	Fordi det er namnet på plassen der.
Stedjebrua	Namnet på plassen
FjøreBrua	Geografisk som Loftesnesbrua
"Vandra saman-brua"	Først: Eg håpar det er ok at eg sender namneframlegg, sjølv om eg ikkje er sogning (men kvemming)... Men: Eg har ein son i Luster, er ofte i Sogn og eg les ofte Sogn Avis ! Grunngeving for framlegg: Eg tenkjer på at Olav Stedje vel har 40 års jubileum i år - for debutalbumet, der "Vi vandrar saman" var med. Dette var ein stor "hit" frå ein av Sogndals "store søner" - og songen vert spela mykje framleis. I tillegg vil det vera både noko heilt konkret og mykje symbolikk knytta til namnet : Det er flott å kunna vandra saman over ei bru !! Eg gler meg uansett til å vitja Sogndal att snart - og få vandra over den fine nye brua dykkar .
Krims-krams	Ho ser litt slik ut på bilde :-)
Dalatrekken	Dalatrekken ender her på gangbrua,kjent at vind og vær kjennest godt ved og rundt Sogndalselva
Karlsbrua	Navnet etter Karl Lærum. Sidan brua endar opp der Karl Lærum hadde sin saft og syltetøy fabrikk. Lærum er eit anerkjent namn i Saftbygda. Karl er opphavsmann til det. Verdig namn å ta vare på.
Sakkalavien Brui	Gammalt kallenavn pao Øyane og nedre Stedje.
gangbrui	enkel og grei i daglegtale
Gildebrua	Tykkjer det passar fint, då brua går over frå Lerum brygge og mot Nortura, bedrifta som lenge heitte Gilde, og dette navnet har ein dobbeltbetydning, både Gilde (som mange Sogndøler fortsatt kallar bedrifta) og at dette er ei Gild bru, derfor Gildebrua
Fjøresteinsbrui, Fjordstibrui, Elvesusbrui, Sjøkantbrui.	Navn som passar til området brui ligg i.
Elvebrui / Elvebrua / Fjordstibrua / Sognebrua / Sognebrui / Elvekloppa / Sognekloppa / Fjordstikloppa	Eit brunamn må gje lokal meining :-)
GILDE BRU	Gilde er ei kjent merkevare. Gilde fabrikk har vore ein flott og god arbeidsplass i Sogndal kommune, den har skapa mange mange trygge og gode arbeidsplassar sidan 1956.
Blå GR:Trollbrui Gul og rød GR: pølsebrui grønn GR : Elvabrui	Pølsebrui var fordi dei meinte det lukta pølse der borte.
Gilde bru	Gilde som låg der før i tida.
Osabrui	Bru over elvosen
Øyane bru	Bru til Øyane som det heitte før i alle fall på Stedjesida.
Sjøkanten bru	Er etablert namn i området.
"Osenbrui"	Eg voks opp i Øyane og elvosen var mykje nytta til leik og moro, m.a. fotballbana.

Jakob Sverdrups bru	Stortingsmann og statsråd, ordfører i Sogndal i 1878 og sogneprest til Leikanger. Stifta folkehøgskulen, som fyller 150 år i år. Har ingen fysiske symboler i tettstaden Sogndal i dag.
Elvøina bru	Frå gamalt av låg det ei øy midt i elva der den nye gangbrua går i dag. Me representerer ei gruppe trimmarar som er opptekne av å finne eit namn som høyrer til bygdi.
Songabru	Dette var namnet på elvi frå gamalt av, og herav kom bygdenamnet Sogndal. Me har vore opptekne av å finne eit namn som høyrer til bygdi. Gålaget KB representerer ei gruppe trimmarar som ikkje må forvekslast med Gålaget til Sogndal turlag. Gålaget KB har eksistert i fleire tiår.
Elvebrus	Bruer ligger i elveosen.
Sikksakken	Brua er sikksakka.
Fjordstibrua	Det er brua som knyter saman Fjordstien
Snarvegen	Det blir raskere å komme over elva på en rolig måte. Man kan gå til butikker på Sjøkanten ,raskere, noe som vil gi bra trim og godt for helsa.
FJORDKYSSBRUA	Grunngjevinga for dette er samansett: Brua går over osen der Sogndalselva renn ut i Sogndalsfjorden. Då er det greit å vera merksam på at - os - i det latinske utgangspunktet tyder munn - som jo er høveleg m.a til kyssing. Så trur eg at spaserturar på gangbrua kan inspirera til å gi eller få eit kyss frå kjærasten eller andre ein er glad i. Då Sogndalsfjorden ved brukryssinga også viser seg fram som ei naturperle, klan denne opplevinga i seg sjølv også skapa grunnlag for utveksling av kyss og/eller andre kjærteikn. Når gangbrua no opnar - og koronaen etterkvart forsvinn - ønskjer vi alle høve til å utveksla kjærteikn.
Sakalavibrua	For ein del tiår sidan vart det sagt at alle frå Øyane kom frå Sakalavien. Det vart ein samlebetegnelse på dei, og vart brukt med positivt forteikn. Elles er det muleg at Sakalavien var eit folkeslag omtala i bibelen, men den utdjupar me ikkje her. Elles er Gålaget KB opptekne av at forslag til namn på brua skal gjenspegla historien i bygdi.
Gilde brui	Gilde er og har vore ein svært viktig arbeidsplass i Sogndal. Det har sin lokalitet like ved. Rett over elva heiter det Lerum brygge. Både Lerum og Gilde har vore og er hjørnesteins bedrifter i kommunen vår.
Osenbrui	Osen er eit gammalt namn på utløpet på sørsida av Sogndalselvi. Det var tidlegare stor aktivitet i dette området. Mellom anna tennisbana, notaturka, Nossete sagbruk og fotballbana. Ved flo sjø gjekk vatnet inn til Granden, og var ein populær bade plass. I 1945 vart det arrangert Sognastemna i Sogndal, og danse plassen var på Osen, med stor danse flake. Ein av spelemennene var Norvald Eggum, far til Jan.
Fjordbrui	Fjordbrui bind fjordstien isaman, enkelt og greitt.
Fjordormen	Brua bukter seg som ein orm
Fjørebrui	Brua ligg langs fjorden og bind Fjøra til Stedjesida. Naturleg at det nyttast i-ending. Brua kryssar Sogndalselvi, jfr. og Loftesnesbrui. På dialekt vil brua i alle tilfelle heita Fjørebrui.
Smedbrua	Stenehjem, Mikkel Larsson , var smed i Fjøra. Han levde frå 1843-1912, og hadde bustad/smie i det nærmaste huset til brua.
Krokodillen eller Krokodillebrua	Brua går i krokar og svingar
Elvabrui	Eit namn alle hugser, og som krysser Sogndalselvi, den einaste brui på fjordstien som krysser ei elv.
Granda	Fordi området nær brua heiter Granden - Nokre seier også Grandane.
SJØKANT BRUA	Sjøen og fjorden viktig å knytte til Sogndal sentrum
Fjordsti brua	Bind saman turstiane
Gjest Baardsen brua	En historisk person med tilknytning til Sogndal. Med brua kan innbyggere "flykte" fra den ene siden av elven til den andre. :-)
Olav Stedjes bru	På tide ein stor og landskjend Sogndalkunstnar vert heidra.- vandra saman....
Elvaosbrui	Bruer går over elvaosen
Elvebakken bru	Stedsnavn
Gildebrui	At brui er gilde og at nortura heitte gilde før.
Gjest Bårdsen bru.	Historisk.
Elvosi	Elva renn ut i elveosen
Smilbrui	Bruer blir til stor glede og grunn til å smile for 🌸😊
Grandabrui	Ligg på grandane

Turkabru	Dei turka fiskegarn i eit hus der nede brua ligg
Sentrumbrui	Sidan brua knyter saman sentrum på begge sider av elva
Spankulir-brui	Ut å spankulera hugsa eg dei gamle sa, då skulle dei ut å gå og kika langs vegane.
Jildebrui	«Gilde» var jo tidlegare navn på Nortura, og alle er jo glade eller «jilde» for denne nye gangbrua
Campusbrui	Sogndal Campus ligg i nærleiken.
Fjørakloppi	Fjøra fordi brua er i nesten fjøra og fordi eine landfeste er i Fjøra. Kloppi fordi dialektordet snart er heilt ute av bruk. Klopp vel eigentleg brukt om steinar/heller over ei grov (bekk), men meiner det bør gå. Og når ein samanliknar med Loftesnesbrui, så blir denne meir som ei klopp 😊.
Tusenfryd-brui	Hyllest til bandet Tusenfryd som laga song om dalaelvi i forrige årtusen.
Gjest Baardsen bru	Fordi det er eit navn dei fleste i Sogn forbinde med sogndal
Gildebrui	1. Nortura produserer nokre av Gilde-produkta sine tett ved fjordstien. 2. I Sogndal er me «gilde» når me er glade, me kan vera gilde i nokon eller gilde i å gå fjordstien. Me kan og arrangera eit gilde, til dømes ein fest for bruopninga. 3. Å nytta «Gilde» i brunamnet er og ei fin måte å heidra ei bedrift som har gjeve viktige arbeidsplassar til mange i 65 år. «Slakteriet» som me kalla det før, og Lerum som låg på den andre sida av elva er begge viktige bedrifter i Sogndal. 4. Lerum har vore drive av Lerumfamilien i fleire generasjonar og dei er gode ambassadørar for nynorsken. Sjølv snakkar dei søgndøl og å kalla brua «Gildebrui» med i-ending syner at me er stolte av både dialekten og bygda. Lerum har og ord og uttrykk på dialekt under nokre av syltetøyloka. Eg trur dei hadde likt å gå over Gildebrui. Det er mange positive assosiasjonar med «Gildebrui» og det kling godt.
Gjest Bårdsen bru	Ein ny bru for dei som må komme seg fort bort til ein anna stad
Turkabru	Der brua kjem i land på Øyasida stod det tidlegare ei notaturka som strandsitjarane turka fiskenøtene sine på.
Osenbrui	Det heiter Osen der brua kjem i land på Øyasida
Ryggsbrui	Til ære for han som får gjennomført byggingen av broen!
Lerumsleden	Veien til Lerum
Vetltebrui	Brui er lita og krysser Elvis.
Fjordbrui	Fjordstien
Pølsebrui	Det luktar alltid pølse der.
Elvastien	Fjordstien er stien langs Fjørebukti, når denne kryssar Sogndalselvi blir det Elvastien
Slakthusbrui	Brui over til gamle slakthustomten
Granden brui	Området brui går til på Stedjesida heiter Granden
"Pao hi sia" eller "pao hi siao" eller berre "hi sia/-o" (Dialekt/andre sida) Eks.; kvar skal du? "Ta fjordstien øve pao hi sia/-o")	Skal du over på hi sida, må du gå "på hi sia"/må du over "hi sia"
Lerumbrui	Eit naturlege namn når brua ligg ved Lerum brygge der Lerumfabrikken låg!
Olav Stedje-brua, Olavsbrua, Stedjebrua, Samvandringsbrua, Lerumbrua, Fjordbrua, Sylvbrua, Fjørebrua, Brakkvassbrua, Slangebrua, Gjestbrua, Sylvgatebrua, Bygdebrua, Snarvegbrua, Draumebrua, Symjebrua, Rasafaren jernbru, Eplebrua eller Bartebra.	Eg ynskjer eit namn som enten spinner på kjende personar eller kjende ting frå Sogndal, eller isolert sett er passande (eller kreative) namn på ei bru. Dog vil eg seie at eit hyllestmonument til Olav Stedje er på høg tid.
Fjørabru	Grunngjeving: 1.Bygda/tettstaden vår må fokusera på å verdsetja - og å ta vare på det lokale, geografiske og kulturelle namnet Fjøra. 2.Fjørabru er klangen i målføret vårt, og styrkjer identiten til innbyggjarane i bygdi. 3.Fjøra var opphaveleg, heilt inn i mellomkrigstida, busetnaden langs strandkanten frå Hofslund Hotell til - og opp langs med elva til Trehestebakken. Gangbrui ligg ved fjøresteinane og knyter Sjøkanten/Nedre Stedje til Fjøra. Gangbrui er landfast til Fjøra! 4.Fjørabru vil fremja nytt liv i sentrum, ikkje minst i nedste Fjøra. Difor må brui med sitt namn tydeleg forklara kvar den ligg!! 5.Fjøra og Stedje er «naboar». Stedjebrui (to i talet) har vi frå før, så no er det difor Fjøra som bør bli oppattkalla. 6.Bruene i bygdi vår har til no hatt gode namn både på folkemunne og på kartet: -Selsengsbrui -Gonvordalsbrui -Hodlekvebrui -Kollsetebrui -Tyldebrui -Kvålsbrui -Fossbrui -Stedjebrui (gamal og ny) -Loftesnesbrui Og no føreslår eg at namnet på gangbrui, siste tilskotet i bruparken vår, blir inkludert i rekkja av dei ovannemnde gamle og gode forklarande brunamna!

Arve Beheim Karlsens bru	Han blei jaga (av rasistar?) i elva og forsvant
Fjordbrui (dialekt)	Fjordstien må jo ha ei bru !?
Perlesnora, perlebrua	Den ser ut som ei lenkje der dei runde møteplassene er perlene
Syltelabben bru	Her er det mykje historisk tyding! På eine sida vart det produsert sylte, medan på den andre sida var det slakteri.
Perlekjedet	Ser ut som eit perlekjede
Sognekvild, Fjordsyn eller aller helst Staopaobru	
Båtbrua, Elvbrua, Sogndalsbrua, Strandbrua, Sjørøvarbrua, Gildebrua, Elsabrua, Kaninbrua, Sjøkantenbrua, Badebrua, Bukkene Bruse brua, Gåbrua	
Endeleg	Endeleg kom brua
Lerumvest	Lerum/Vestlandske